

Se vedlagte adresseliste

Dykkar ref

Vår ref
200601421-/ASU

Dato
04.07.2006

Forskrift om skogfond o.a.

Den nye lova om skogbruk (skogbrukslova) blei fastsett 27. mai 2005. Landbruks- og matdepartementet har i dag fastsett ny forskrift om skogfond med heimel i reglar i skogbrukslova om skogfond. Forskrifta trer i kraft frå 1. september 2006.

Det skal no gjelde berre ei forskrift om skogfond, mens det etter tidlegare skogbrukslov gjaldt fem. Det har vore eit mål å oppnå forenkling. Satsane for innbetaling til skogfond går no fram av forskrifta, og skal ikkje lenger bli fastsett årleg. Formålet med endringane har vore av redaksjonell art, og reglane er elles nedkorta og justert i forhold til gjeldande praksis.

Det er nytt at forskrifta opnar for at ein skogeigar innanfor same kalenderår kan auke satsen for innbetaling av skogfond også etter at avsetjinga er registrert og berekna. Ut over dette medfører den nye forskrifta ingen realitetsendringar.

Forskrifta trer i kraft frå 1. september 2006, og samtidig blir følgjande forskrifter oppheva:

1. Forskrift om forvaltning og bruk av rentene av skogavgiften (rentemidlene), fastsett 15. februar 1994.
2. Forskrift om forvaltning og bruk av renter av skogavgiften som trekkes inn til Landbruksdepartementet (sentralt inntrukne rentemidler), fastsett 18. februar 1994.
3. Forskrift om bruk m.v. av skogavgift, fastsett 20. april 1994.
4. Forskrift om innbetaling av skogavgift og måling av skogsvirke m.v., fastsett 12. juni 1995.
5. Forskrift om skogavgift for 2006, fastsett 21. desember 2005.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling for skog- og	Saksbehandler
Postboks 8007 Dep	Akersgt. 59	22 24 90 90	ressurspolitikk	Anita Sundal
0030 Oslo		Org no.	Telefaks	22 24 92 62
		972 417 874	22 24 27 53	

Skogeigarar som har fritak frå å betale til skogfondet etter skogbrukslova vil få brev med nærmare informasjon vedrørande overgangsordningar m.m.

Forskrifta er lagt ut på Landbruks- og matdepartementet sine heimesider og nærare informasjon om ordninga vil bli gitt frå Statens Landbruksforvaltning tidlig på haustparten 2006.

Med helsing

Henrik Valeur
underdirektør

Anita Sundal
rådgiver